



Gol kommune
Gamlevegen 4
3550 GOL

Sakshandsamar, telefon

Marte Rosnes, 69247516

Tilbakemelding på eigenkontrollrapport for avløpssektoren rapporteringsåret 2019 - Gol kommune

Gol kommune har avvik frå krav i løyve i rapporteringsåret 2019. Vi tar eigenkontrollrapporten frå Gol kommune til atterhald.

Rapporterings skjema for 2020 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2021.

Vi viser til eigenkontroll- og årsrapportar for Gol avløpsanlegg og Golsfjellet avløpsanlegg for rapportåret 2019.

Avløpsnett til Gol avløpsanlegg

I skjema for årsrapport har de rapportert om 6 installerte nødoverløp. I Altinn har de rapportert om 3 installerte nødoverløp. Vi tolkar dette som feilrapportering og rettar med dette rapporteringa i Altinn til 6 installerte nødoverløp.

De har ikkje rapportert om tilfelle med regnvassoverløp eller nødoverløp i 2019. De rapporterer at nødoverløpet Vikojordet PA06 skal oppgraderast i 2020.

Gol avløpsanlegg

Det er for 2019 rapportert at Gol avløpsanlegg har tatt imot og behandla 320 985 m³ avløpsvatn og at 915 m³ har gått i overløp. Både mengde tilført avløpsvatn og mengde vatn i overløp har dei siste åra blitt redusert.

Gol avløpsanlegg klarar ikkje reinsekravet for fosfor i 2019 på 93 %. Reinsegraden for fosfor var i 2019 under 89 %. Gol avløpsanlegg er også langt i frå å klare reinsekravet for BOF₅ på 70 % eller 25 mg/l og KOF_{CR} på 75 % eller 125 mg/l. Dette er avvik frå krav i løyve.

Gol avløpsanlegg er rapportert til å være dimensjonert for 12 000 pe (BOF₅) og det er 2 442 innbyggjarar kopla på leidningsnettet til reinseanlegget. Det er ingen fritidsbustadar kopla til leidningsnettet til reinseanlegget. Likevel rapporterer Gol kommune at maksimalbelastning i pe (BOF₅) er 8 362 med $f_{maks}=2$. Målt maksimalbelastning i 2019 er 8 107 pe (BOF₅). Dette blir forklart



med påslepp frå Nortura slakteri. Gol avløpsanlegg er i utgangspunktet dimensjonert til å kunne ta imot påslepp frå Nortura, men de rapporterer at avløpsvatnet frå Nortura er svært konsentrert i periodar og at variasjonane gjer det vanskeleg å ha ein stabil reinsing.

Gol avløpsanlegg driv ikkje i dag i tråd med sitt løyvet. Vi vil minne om at kommunen sjølv kan stille vilkår til påslepp til kommunalt nett, slik at reinseanlegget kan driftast i tråd med vilkår gitt i eller i medhald av lov.

Leidningsnett til Golsfjellet avløpsanlegg

I skjema for årsrapport har de rapportert om 2 installerte nødoverløp. I Altinn har de rapportert om 3 installerte nødoverløp. Vi tolkar dette som feilrapportering og rettar med dette rapporteringa i Altinn til 2 installerte nødoverløp.

De har ikkje rapportert om tilfelle med regnvassoverløp eller nødoverløp i 2019.

Golsfjellet avløpsanlegg

Det er for 2019 rapportert at Golsfjellet avløpsanlegg har tatt imot og behandla 47 267 m³ avløpsvatn og at 75 m³ har gått i overløp.

Golsfjellet avløpsanlegg har rapportert at dimensjonerande kapasitet for pe (BOF⁵) er 5 100. I 2019 er det rapportert å være 30 innbyggjarar kopla på leidningsnettet til reinseanlegget. Det er også rapportert om 574 fritidsbustadar, noko som medfører at den målte maksukebelastninga for BOF₅ i 2019 er 2 215 pe. Det er med andre ord stor variasjon i tilførsel i periodar i høgsesong med mykje hytteturistar og periodar i lågsesong.

De skriv at de gjer tiltak for å kunne takle variasjonar i innløpsmengder betre. Etter kvart som delen hytter per innbyggjar aukar, er dette gode tiltak for å sikre jamn og god reinsing.

Konklusjon

Eigenkontrollrapporten viser at de har avvik frå krav i løyve i rapporteringsåret. Vi legg til grunn at det vil bli gjennomført korrigerande tiltak for å sikre at de vil drive i tråd med vilkår gitt i lov eller i medhald av lov i framtida. Dette er tilhøve som kan bli følgt opp ved framtidige tilsynsbesøk frå Fylkesmannen.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på :

<https://www.miljodirektoratet.no/verktoy/skjema/arlig-rapportering-for-avlop/>

Rapporteringsskjema for 2020 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2021. Vi vil minne om at årsrapportering til Fylkesmannen skal leggest som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering kan de finne i vårt skjemabibliotek:

<https://www.fylkesmannen.no/nb/oslo-og-viken/skjema-og-tjenester/?c=Milj%c3%b8+og+klima>

Eigenrapporten sine data om årlege utslepp for avløpsanlegg vil i juni 2019 bli lagt ut på nettstaden Norske Utslipp:

<http://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsannlegg/?SectorID=100>



Med helsing

Hilde S. Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernavdelingen

Marte Rosnes
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:

Hege Mørk - kommunedirektør